

Årsmelding 2020 - Austevoll kommune

Rådmannen si innleiing

Koronapandemien prega kvardagen til oss alle i 2020, unge og gamle - arbeid og fritid. Covid 19- viruset kom til Austevoll, ei skjebne me delte med dei fleste kommunar i landet. Dei fyrste meldingane om at noko var på gong, blei registrert i våre loggar i januar. Me skjønna etter kvart at noko meir ville skje, før det heile eksploderte i mars med den største nedstenginga av samfunnet me har opplevd sidan krigens dagar.

Den kommunale kriseleiinga har aldri vore meir samla enn i 2020. Det blei tidleg tatt eit val der me ville lytte til sentrale råd - saka gjaldt eit felt og tema som er kompliserte. Ingen kommunar er rusta til å handtere dette aleine. Det blei sjølv sagt gjort tilpassingar til lokale høve, blant anna har me heile tida lagt stor vekt på den lokale smittesituasjonen. Det var også eit overordna mål å sikre eldre og andre grupper som er utsett for risiko. Det er gledeleg å konstatere at me klarte å halde covid-19 utanfor dørene til PO-senteret vårt. Nokre meinte me tidvis gjekk for langt i våre restriksjonar, andre meinte me kunne vore endå strengare. Det blei etablert eigne lokale og bustader på Prestaneset og me gjorde innkjøp og erfaringar som vil hjelpe oss i endringsarbeidet som ligg framfor oss i helsesektoren.

Det er ikkje til å legge skjul på at fleire av våre daglege oppgåver og tenestetilbod blei påverka negativt av covid-19. Direkte gjennom tiltak som ramma idrett, kultur og skular. Indirekte gjennom stort fokus på ein pandemi - noko me ikkje hadde tatt høgde for i planlegginga av 2020. Drifta av kommunen blei i periodar gjort frå heimekontoret. Austevoll kommune har gjort investeringar i infrastruktur rundt IKT-løysingar som gjorde oss i stand til å drifte digitale løysingar både på skular og i administrasjonen. Beredskapsplanane våre fekk verkeleg børsta støvet av seg dette året.

Næringslivet blei også ramma av smittesituasjonen, det viste seg at Austevollingane bretta opp armene meir enn alle andre. Me ser ved årsslutt ein imponerende produktivitet i kommunen vår i 2020. Frå statleg hald blei det også gjort ein tverrpolitisk dugnad for å sikre lokalsamfunna. Kommunar og næringsliv blei ramma økonomisk, nokre fekk gode støtteordningar, andre må tåle tap gjennom pandemien.

Austevoll ungdomsskule blei ferdigstilt og teken i bruk hausten 2020. Pleie og omsorgstenestene blei tilbakeført til kommunal drift 1. juni 2020 etter at desse har vore drifta privat i 7 år. Meir enn 150 nye tilsette kom inn i rekkene våre ved denne endringa. Det er gjort viktige vedtak og gjennomført prosessar for å endre velferdstrappa i kommunen – me arbeider hardt for å sikre god og tilpassa hjelp slik at flest mogeleg kan bu og trivast der ein helst vil vera. Born og unge har hatt eit krevande år med lite sosial aktivitet. Me ser at det er eit aukande behov innanfor psykisk helse som me tek på alvor.

Det er gjort framskritt i ulike samferdsleprosjekt som er under planlegging. Det er store behov som me håpar å få utbetra dei komande åra, nokre av dei gjennom Austevollpakken – den nærmar seg bindande politiske vedtak og realisering.

Folketalet viste ein auke på 40 innbyggjarar i 2020, ved nyttår var me 5276 austevollingar som leverte store skatteinntekter til fellesskapet. Dette resulterte i eit samla overskot på den kommunale drifta på rundt kr 35 mill,

dette er det beste økonomiske resultatet kommunen har presentert. Me er sjølvsagt merksam på at det ikkje er dei økonomiske resultata aleine som fortel oss sanninga om drifta vår, men det bidreg sterkt til eit etterlengta handlingsrom.

Som dei fleste av oss, håpar eg på eit meir “vanleg” år i 2021. I årsberetninga kan du lese om aktiviteten i alle våre einingar. Dette gir ei god innsikt i det breie ansvarsfeltet kommunen har - her er det frå vogge til grav med viktige funksjonar gjennom alle livsfasar!

Alle skal vita at me er glad for alt engasjement, og glad for alle vaktbikkjer som melder inn både ris og ros til oss. Dette er ei stadfesting på at me er eit fungerande lokalsamfunn. Rådmannen takkar alle våre tilsette i alle einingar, og alle innbyggjarar i Austevoll kommune for flott innsats i eit år som blei vanskeleg.

Storebø, 28. mars 2021

Bjarte Madsen

Rådmann

Innhaldsoversikt

1 Politiske organ, utval og råd

1.1 Kommunestyret

1.2 Formannskapet

1.3 Kontrollutvalet

1.4 Plan- og byggesaksutvalet

1.5 Tenesteutvalet

1.6 Eldrerådet

1.7 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

1.8 Ungdomsrådet

1.9 Viltnemnda

2 Organisasjon

2.1 Tilsette og årsverk per 31.12

2.2 Likestilling

2.3 Arbeidsmiljøutvalet

2.4 Generelt om verne og arbeidsmiljøet /HMT – arbeid

2.5 Oversyn over sjukefråvær

2.6 Servicekontoret

2.7 Overordna plan og beredskap

2.8 Folkehelse og idrett

2.9 Næring

3 Utvikling og forvaltning

3.1 Brann og redning

3.2 Prosjekt bygg og anlegg

3.3 Austevollbadet

3.4 Forvaltning, drift og vedlikehald - FDV

3.5 Eigedom

3.6 Plan og byggesak

3.7 Landbruk og viltforvaltning

4 Oppvekst

4.1 Barnehage

4.2 Barnevern

4.3 Pedagogisk psykologisk teneste - PPT

4.4 Helsestasjon- og skulehelsetenesta

4.5 Kulturskulen

4.6 Vaksenopplæringa

4.7 Kulturkoordinator

4.8 Austevoll folkebibliotek

4.9 Grunnskulane

4.9.1 Selbjørn skule

4.9.2 Storebø skule

4.9.3 Austevoll ungdomsskule

5Helse og velferd

5.1Legetenesta

5.2NAV

5.3Ergo- og fysioterapitenesta

5.4Psykisk helse og rus

5.5Helseservicekontoret

5.6Jordmortenesta

5.7Eidsbøen bufellesskap

5.8Frivillighet

5.9Pleie og omsorgstenestene

6Økonomi og IKT

6.1Økonomi

6.2IKT

6.3Nøkkeltal for Austevoll kommune

6.4Oppstilling etter § 5-4, 1. ledd - Bevilgningsoversikt drift

6.5Oppstilling etter § 5-4 Bevilgningsoversikter - drift 2. ledd

6.6Oppstilling etter § 5-5 Bevilgningsoversikter - investering 1. ledd

6.7Oppstilling etter § 5-5 Bevilgningsoversikter - investering 2. ledd

6.8Oppstilling etter § 5-6 Økonomisk oversikt etter art – drift

6.9Oppstilling etter § 5-8 Balanse

6.10Oppstilling etter § 5-9 Oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner

6.11Notar

1 Politiske organ, utval og råd

Kommunestyret er øvste organ i ein kommune. For å sikre ei effektiv drift, er det vedteke eit delegeringsreglement som ein finn på heimesida til kommunen. I delegeringsreglementet kan ein lese dei fullmakter og oppgåver som er delegert til ulike utval og til rådmann.

Møter i kommunestyre, formannskap og tenesteutval blir sendt direkte på kommune-tv. Tilgang til sendingane får ein ved å gå inn på kommunen si heimeside.

1.1 Kommunestyret

Austevoll kommunestyre er samansett av 21 representantar som representerer 6 politiske parti:

Parti	Representantar
Høgre	8
Arbeidarpartiet	4
Framstegspartiet	5
Kristeleg folkeparti	1
Senterpartiet	2
Miljøpartiet dei grøne	1

Ordførar: Morten Storebø (H)

Varaordførar: Anja Heggholmen (Ap)

Kommunestyret handsama 183 saker i 2020. Møta blir leia av ordførar.

1.2 Formannskapet

Austevoll formannskap er samansett av 9 representantar. Det blei handsama 139 saker i 2020. Ordførar leier møta i formannskapet.

1.3 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet er samansett av 5 representantar. Det blei handsama 10 saker i 2020. Kontrollutvalsleiar er Lars Knut Årland.

1.4 Plan- og byggesaksutvalet

Plan- og byggesaksutvalet er samansett av 7 representantar. Utvalet avgjer ei rekke byggesaker og dispensasjonar. Det blei handsama 142 saker i 2020. Morten Storebø er leiar i plan- og byggesaksutvalet.

1.5 Tenesteutvalet

Tenesteutvalet er samansatt av 9 representantar. Dei har oppgåver i hovudsak knytt til oppvekst og kultur i kommunen. Det blei handsama 51 saker i 2020. Tenesteutvalet blir leia av Inga M. Fagerbakke.

1.6 Eldrerådet

Eldrerådet er samansett av 5 representantar. Eldrerådet skal vareta dei eldre sine interesser i kommunen. Det blei handsama 28 saker i 2020. Bjørn Tore Klepsvik er leiar i eldrerådet.

1.7 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet er samansett av 5 representantar. Dei har til oppgåve å vareta interessene til innbyggjarar som har ulike funksjonsnedsettingar. Det blei handsama 18 saker i 2020. Hilde Klepsvik er leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

1.8 Ungdomsrådet

Ungdomsrådet er samansett av 8 representantar. Som namnet tilseier, skal dei vareta dei unge sine interesser i kommunen. Det blei handsama 28 saker i 2020. Heike Zetterstrøm er leiar i ungdomsrådet.

1.9 Viltnemnda

Viltnemnda er samansett av 5 representantar. Det blei handsama 31 saker i 2020. Sofie Bøe Tømmerbakke er leiar i viltnemnda.

2 Organisasjon

Rådmann er øvste administrative leiar i ein kommune. Austevoll kommune har tre sektorar som blir leia av kommunalsjefar (kap. 3, 4 og 5 nedanfor). Vidare er det fellestenester som rapporterer til rådmann (kap. 2 og 6). Personalrådgjevar og økonomisjef er leiar for ulike delar av fellestenestene. Folkehelse, overordna plan og beredskap rapporterer direkte til rådmann.

2.1 Tilsette og årsverk per 31.12

31.12	2019	2019	2020	2020
	Tilsette	Årsverk	Tilsette	Årsverk
Kvinner	196	167	339	256
Menn	56	41	64	45
Totalt	252	208	403	301

Talet på tilsette i kommunen er auka med 151 personar. Årsverka er auka med 93. Hovudårsaka til den store auken er tilbakeføring av pleie- og omsorgstenestene.

2.2 Likestilling

Den administrative toppleiargruppa var i 2020 samansett av 2 menn (rådmann og økonomisjef), og 4 kvinner (3 kommunalsjefar og personalrådgjevar). Kjønnsfordelinga for einings- og fagleiarnivå var 5 menn (24 prosent) og 16 kvinner (76 prosent). I arbeidsstokken totalt er 84 prosent kvinner. Kommunen freistar å ta aktivt omsyn til likestillingsperspektivet i ulike sider av personalpolitikken. Tilsvarande gjeld ulike sider ved diskriminering av personar og grupper. Arbeidet skjer gjennom rekruttering/tilsettingar, i lønspolitikken og i arbeidet med å redusera ufrivillig bruk av deltid. Dei etiske retningslinjene for kommunen vil også bli arbeidd vidare med i året som kjem.

2.3 Arbeidsmiljøutvalet

AMU har 6 medlemmar, 3 frå arbeidsgjevar og 3 representantar for dei tilsette. I 2020 har arbeidsgjevar hatt leiarvervet. Vervet går på omgang mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarrepresentantane. Bedriftshelsetenesta Volvat Bedrift A/S - har møte og talerett i AMU og har vore kalla inn til møta.

AMU har berre hatt 2 møte i 2020 og har handsama 14 saker inklusive referat og meldingar.

2.4 Generelt om verne og arbeidsmiljøet /HMT – arbeid

Austevoll kommune har rammeavtale med Volvat Bedrift A/S om levering av bedriftshelsetenester. Dette sikrar kommunen tilgang til lovfasta tenester med nødvendig kompetanse innan HMT. Det er etablert eit fast samarbeid med NAV Arbeidslivssenter - Vestland der kommunen har oppnemnd eigen rådgjevar som kontaktperson i samband med oppfølging av IA -avtala.

Austevoll kommune har utarbeida ein overordna handlingsplan for inkluderandande arbeidsliv med ulike tiltak. I den nye handlingsplanen er det ei målsetning at vi skal redusera sjukefråværet i løpet av perioden med 15 %.

2.5 Oversyn over sjukefråvær

Gjennomsnittleg sjukefråvær i 2020 var 6,9% mot 6,7% i 2019. Fråværet i 2020 har vore nokså likt heile året til tross for koronapandemien. Fråværet var 1,2% høgare enn målalet i IA-handlingsplanen som er på 5,7% . Kvartalsrapportar om sjukefråvær blei etter rutine framlagt og drøfta i AMU.



2.6 Servicekontoret

Servicekontoret har lokale i 2. etasje i kommunehuset. Kontoret er kommunen sitt ansikt utad. Her ligg resepsjonen, sentralbordet og lokale for møteverksemd.

Eininga har 4 årsverk. Desse har ansvar for sentralbord, postmottak, arkiv og ulike søknader. Kontoret har ein viktig funksjon ved all informasjon og rettleiing overfor innbyggjarane i kommunen. Vidare legg servicekontoret til rette for all politisk møteverksemd i kommunehuset og ved anna møteverksemd og representasjonsoppdrag der kommunen er involvert.

2.7 Overordna plan og beredskap

Overordna plan og beredskap blei underlagt rådmannen direkte i 2020. Bakgrunnen for dette var eit ynskje om å styrke beredskap og planarbeid i kommunen. Då koronasituasjonen spissa seg til vinteren 2020, blei det oppretta direkte kontakt mellom alle kommunar og statsforvaltar. I periodar var det daglege møter, seinare blei det gjennomført møte ein gong pr veke. I desse møta blei det utveksla erfaringar og gitt instruksar omkring

handtering av covid-19 i kommunane. Beredskapskontakten hadde ei sentral og koordinerende rolle i dette arbeidet, det blei rapportert direkte til kommuneleiinga og KKL (kommunal kriseleiing).

Alle einingar laga ROS-analyser for å stå best mogeleg rusta til dei utfordringar som ville komme. Analysane blei rapportert saman med tiltaksplanar som danna grunnlaget for lokale smitteverntiltak. Beredskapskontakt, kommuneoverlege og KKL har kontinuerleg koordinert arbeidet med smitteverntiltak og informert innbyggjarane om dei tiltak og vurderingar som er gjort.

Kommuneplanen sin arealdel har vore prioritert – Asplan Viak har gjennomført ei stor kartlegging av strandsone og vurdert innspel til planen. Dette arbeidet har vore omfattande og innspela skal no leggjast fram for politisk behandling. Planstrategien for Austevoll kommune blei vedteke i kommunestyret i 2020 – dette er føringar for satsingar i den neste 4-årsperiode. Områdereguleringsplan for Storebø blei også endeleg vedtatt i 2020. Det er også gjort førebuande arbeid til oppstart av klima- og miljøplan for Austevoll kommune. Vidare er det lagt fram utkast til ungdomsstrategi og oppstart av arbeid med miljøsertifisering (Miljøfyrtårn).

Det har vore eit tett samarbeid med Vestland fylke i 2020, blant anna oppstart og koordinering av planarbeid for den nye Storebøvegen, Austevollpakken og lysregulering over Selbjørn bru.

2.8 Folkehelse og idrett

Folkehelse er sentralt i Austevoll og folkehelseperspektivet gjer seg gjeldande innanfor alle tenesteområda - det blir arbeidd tverrfagleg for å fremma god helse blant innbyggjarane. For å sikra eit målretta arbeid skal kommunen ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som har innverknad på denne. Arbeidet med å revidera folkehelseoversikten var ferdig i juni 2020 og danna med det grunnlaget for revidering av planstrategien til kommunen. Eininga har eitt årsverk og rapporterer til rådmann.

I pågåande revidering av kommuneplanen sin arealdel står folkehelseperspektivet sentralt. For å sikra tilgang til rekreasjonsareal, naturområde og turformål fekk kommunen i 2018 kr 90 000 til å kartlegga og verdsetta friluftslivområde i heile kommunen. Prosjektet vart stilt ferdig i 2019, og som ein vidareføring av prosjektet fekk kommunen kr 60 000 i tilskot til prosjektet «Plan for friluftslivets ferdselsårer». Målet er at befolkninga skal kunna utøva friluftsliv jamleg og vera sikra god tilgang til turmoglegheiter og attraktive naturområde i kommunen. Planen vil også vera eit grunnlag for kva friluftslivstiltak kommunen skal prioritera i «Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv». Dette arbeidet skal stillast ferdig i løpet av 2021.

Austevoll har eit aktivt idrett- og fritidsmiljø, noko som kjem tydeleg fram i «Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv» kor det er skildra i alt 27 igangsette, planlagde og framtidige aktivitetsprosjekt. I 2020 blei det sendt inn 10 spelemiddelsøknader for søknadsåret 2021, noko som utgjer ein søknadssum på kr 9 309 000. Total kostnadsramme for desse prosjekta er kr 23 152 000 inklusive mva.

Eit av prosjekta skildra i planen er etableringa av ei dagsturhytte. Dagsturhytta skal vera eit turmål i kommunen, her kan store og små nyta matpakken og samlast. I 2020 blei det vedtatt at hytta skulle plasserast på Loddo, og den kom på plass i desember 2020 og skal offisielt opnast våren 2021.

2.9 Næring

Blått kompetansesenter blei stifta i 2019 og er eigd av Austevoll kommune og Austevoll næringsråd med 50% kvar. Styret har representantar frå kommune, næringsråd, Havforskningsinstituttet og Austevoll vidaregåande skule. Blått kompetansesenter har i 2020 vidareført arbeidet sitt og fått driftsmidler frå kommune og ytterlegare midlar frå tiltakspakke korona. Dette for å styrke selskapet sin aktivitet i tråd med den verksemdsplan som styret har fått på plass.

3 Utvikling og forvaltning

Sektoren blir leia av kommunalsjef FDV (forvaltning, drift og vedlikehald).

3.1 Brann og redning

Brann og redning held til i felles lokale med FDV i Porsdalen. Eininga består av brannsjef, brannmeister, feiar samt 22 personar som utrykkingsmannskap. Totalt er det 3,7 årsverk i eininga.

Det var ingen større brannar eller hendingar i Austevoll i 2020. Brannmannskapa hadde 81 utrykkingar i 2020, dette var ein reduksjon frå 101 i 2019. Eininga arbeider i to hovudsektorar:

- forebyggande brannvernarbeid
- beredskap innanfor brann og redning

Siste åra har eininga jobba aktivt med den forebyggande delen. Dette for å redusere brannar og ulykker, noko som igjen reduserer talet på utrykkingar. Tilsyn er ein stor del av det forebyggande arbeidet og blir prioritert i den daglege drifta. Eininga arbeider for ein trygg kvardag for innbyggjarane i Austevoll kommune.

Koronasituasjonen har redusert eininga si utadretta verksemd. Blant anna er møteverksemd og undervisning mot skular og barnehagar blitt ramma. Ein håpar å auke denne aktiviteten så raskt som mogeleg, dette er ein av viktig faktor i det forebyggande arbeidet.

Austevoll kommune er medlem i Vest brann og redningsregion (VBR). Dette er eit samarbeid eininga er godt nøgd med. Det bidreg til auka kompetanse og samordna drift av einingane på tvers av kommunegrensene.

3.2 Prosjekt bygg og anlegg

I denne eininga ligg ansvar for store og små utbyggings- og utbetningsprosjekt i kommunal regi. Desse ligg under regelverket for offentlege anskaffingar og krev konkurranseutsetting. Ansvarer omfattar spesifikasjon av oppdrag, kunngjere konkurransegrunnlag, inngå kontrakt og følgje opp gjennomføring og styre prosjektbudsjett.

Kommunestyret vedtok i 2020 eit eige prosjektreglement som er styrande for denne funksjonen. Eininga har 1 årsverk.

Prosjekt i utføringsfase 2020:

- elevaula ved Selbjørn skule
- Austevoll ungdomsskule - ferdigstilt skulebygg
- trafikkisikring Melingen

Prosjekt i prosjekteringsfase 2020:

- vidare utvikling av kultursal ved Selbjørn skule
- Eidsbøen bufellesskap, oppgraderingar

- Birgittunet. oppgraderingar
- Soltun og Bjørketun, utviding og endring i tilkomst
- trafikkisikring Selbjørn skule
- Austevollpakken, vegutbetringar

Koronasituasjonen har gjort at fleire prosjekt ikkje har hatt den framdrift som blei lagt til grunn i budsjettet. Blant anna gjeld dette arbeidet med trapp på nordsida av Austevollbadet. Vidare kan nevnt gjennomføring av ops-prosjekt i Birkelandsvegen i samarbeid med lokal tiltakshavar. For desse prosjekta gjeld at det også har vore utfordringar med prosjekteringa.

3.3 Austevollbadet

Starten av året var svært god, stigande aktivitet og omsetnad samanlikna med 2019 - det såg lovande ut for 2020. Dei første 10 dagane av mars hadde meir aktivitet enn heile mars 2019. Så kom bråstoppen 12.mars.

Våre tilsette starta nedstenginga med hovudvask av Austevollbadet og mykje vedlikehald. Badet var stengt i 95 dagar. Personale fekk oppgåver hos FDV, der ein blant anna arbeidde med rydding og maling på skulane. Seinare tok me del i eit styrka korona-reinhald på skulane fram til sommarferien. Dei tilsette var rask til å omstilla seg og heldt motet oppe. Austevollbadet har 4,11 årsverk i drifta. I tillegg har FDV fast stasjonert driftsteknikar.

Drifta opna opp igjen i juni 2020. Desse tiltaka blei med oss resten av året:

- reduksjon badande (50% kapasitet av smittevern hensyn)
- redusert badetid ved stor pågong
- forsterka reinhald mellom ulike grupper, og med jamne mellomrom i publikumstida
- auka frekvens på desinfisering av tørrsone

Oppsummert kan ein konkludere at det har vore meir jobb med færre badande. Me har heldt fast på eit høgt nivå på reinhaldet, og me meiner å ha gode rutinar i så måte.

Fokus har heile tida vore :

- betre folkehelse og trivsel
- mest mogeleg aktivitet for flest mogeleg

Dette skjer i grupper og i opningstider for alle, blant anna:

- 480 instruktørtimar i symjeopplæring, teknikk og vanngym
- 70 5-åringar har vore på symjekurs i barnehagetida
- 40 1-4 åringar har gått på sitt første symjekurs
- 20 vaksne har lagt bak seg «svane-symjing» og sym no med god teknikk
- 20 vaksne har hatt sitt første møte med symjing på Lær-å-symje kurs

AIK og skulane har i overkant av 2000 badebesøk av barn i alderen 7-15 år kvar månad. Pensjonistane, som var ei stor gruppe før 12.mars, har vore noko færre i år. Me forventar at dette tek seg opp att etter kvart som

pandemien vert fasa ut.

Austevollbadet ser ut til å vera eit kjærkome tilbod for både mosjonistar og familiar i pandemien – med fokus på smittevern har det vore trygt å bade hos oss. Toppen fekk me i juli, då veret ikkje var det beste og ingen kunne reise nokon stad. Over 2500 besøkande bada og kosa seg hos oss denne julimånaden. Me ser at tilbodet vårt er populært også i andre feriar, som vinter-, haust- og påskeferiar. At me held ope i desse feriane er eit godt tilbod til dei som ikkje kan eller vil reise vekk, og til hyttefolk og turistar i Austevoll.

Me er framleis i ein byggefase, og jobbar utan stans for å skape meir aktivitet for enda fleire.

3.4 Forvaltning, drift og vedlikehald - FDV

FDV har administrative lokale i brannstasjonen i Porsdalen. Leiar og koordinator har kontorplass i bygget, resterande tilsette er ambulerande. Eininga har også verkstad og utstyr plassert i Porsdalen. Det er 9 årsverk i FDV som har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunen sine bygg, eigedomar, vegar, idrettsanlegg m.m.

Kommunen overtok drift av pleietenestene i 2020. Dette gjorde det naudsynt med ein gjennomgang av bygningsmassen. Det er gjort ein del utbetringar i bygga, hovudsakleg knytt til ventilasjon og el-anlegg. Heimetenestene i kommunal drift krev ein større bilpark - kommunen har no ca 50% elbilar i bilparken.

Skulane er fortløpande under vedlikehald. Ungdomsskulen sitt nybygg er teken i bruk og varmeanlegg er kopla til gamledelen av skulen. 78 elektriske ovnar er tatt bort og erstatta med radiatorvarme som er knytt til varmepumpe. Enøk-midlar har også gjort det mogleg å bytte ut ledlys i Austevollhallen og kople til varmestyringseining for ventilasjon. Ventilasjonen er utbetra i nyedelen av det gamle kommunehuset. Brannstasjonen er også ferdigstilt i tråd med tilsynsrapport.

Koronasituasjonen har medført ein del tilretteleggingsarbeid for helse gjennom heile 2020. Dette har fått konsekvensar for planlagt arbeid gjennom året. Nokre av dei planlagde prosjekta er forseinka som følgje av dette.

3.5 Eigedom

I 2020 blei det oppretta ei ny stilling som eigedomsforvaltar i kommunen. Stillinga skal arbeide med eigedomsforvaltning på overordna nivå, herunder strategisk planlegging og oppfølging av planar og tilsyn. Kjøp og sal av eigedom ligg også inn under denne stillinga.

Oppfølging av tilsyn har vore prioritert oppgåve i 2020. Helseverngodkjenning av skulane er under arbeid og ein forventar at dette skal avklarast i 2021. Det er starta eit arbeid for å kartlegge eigedomar i kommunal eige kor ein vil prioritere desse med tanke på vidare eige, utvikling og sal.

Det blir også jobba for å få på plass gode og oversiktlege driftsavtaler for reinhald og andre vedlikehaldsrelaterte oppgåver.

3.6 Plan og byggesak

Plan og byggesak held til i kommunehuset på Storebøportalen. Plan- byggesakssjefen leiar avdelinga som totalt har 8,7 årsverk. Desse er fordelt med 6,7 årsverk på byggesak, og 2 årsverk på plan. Eininga arbeider med byggesaker, private reguleringsplanar, landbruk, kart og oppmåling. Austevoll kommune er ein aktiv kommune med stor aktivitet innanfor dei felt avdelinga arbeider med.

Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor bistår i landbrukssaker og i viltspørsmål. Austevoll kart (AUKAS) bistår i oppmålingsforretningar, matrikkelføring av bygg og ferdigstiller adresseendringsprosjektet.

Plan- og byggesaksavdelinga har hatt utfordringar knytt til kapasitet og framdrift ved byggesakshandsaminga. Dette har resultert i forseinkingar som igjen resulterer i tilbakebetaling av gebyr. Bemanninga er styrka i 2020 i tråd med budsjettvedtak gjort i 2019, avdelinga arbeider målretta for å koma ajour.

Avdelinga arbeider med å betre samarbeid og dialog med lokale aktørar for å styrke kvaliteten på sakshandsaminga. Det er starta opp eit prosjekt med oppfølging av ulovlege tiltak i tråd med tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren. Arbeidet med kommuneplanen er vidareført i 2020 og områdereguleringsplanen for Storebø blei vedteken.

Anna statistikk:

Saker	Tal
Reguleringsplanar sendt på høyring	14
Delegerte byggesaker	114
Delesaker	33
Godkjente reguleringsplanar	13
Dispensasjonssaker	72
Mellombels bruksløyve og ferdigattestar	143

Avdelinga har lagt til rette for heimekontor i 2020 pga koronasituasjonen, dei tilsette har takla dette på ein god måte.

3.7 Landbruk og viltforvaltning

Austevoll kommune kjøper tenester innanfor landbruk og vilt frå Stord og Fitjar landbruks- og miljøkontor.

Austevoll har registrert og godkjent 52 søknader om produksjonstilskot. Disponibel mjølkekvote for Austevoll er 492 723 liter fordelt på 2 føretak. Austevoll kommune har eit veldrive landbruk, og den viktige naturtypen kystlynghei vert godt ivareteken av ein solid saueneæring. Vekstsesonen var i 2020 bra og det vart relativt gode grasavlingar, men det er framleis utfordringar med avlingsskade. Det er berekna utbetalt kr 375 020,- gjennom ordninga Regionalt Miljøprogram, med grunnlag i 11 søknader for 2020. I tillegg er kr 57 925,- berekna utbetalt til 2 beitelag gjennom organisert beitebruk, OBB.

I 2020 vart det utarbeidd ny tiltaksstrategi for investeringstilskot til beiteområde og rullering av eksisterande strategi for særskilde miljøtiltak i landbruket (SMIL). Austevoll kommune fekk totalt tildelt kr 50 000,- frå Fylkesmannen i Vestland til investering i beiteområde. Det kom inn 5 søknader frå 3 føretak.

Austevoll kommune fekk tildelt kr 85 000,- i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Vestland i 2020. Det vart totalt løyvd kr 221 000,- til 4 ulike tiltak. 2 løyvingar gjekk til istandsetting av verneverdig bygg, 1 søknad til reinsking av bekk og 1 søknad til utarbeiding av plan for restaurering av løe. Austevoll kommune fekk tildelt kr. 50 000,- i tilskot til drenering, men ingen landbruksføretak har søkt om grøfting i 2020.

SFLMK utførte sertifisering av verksemdar som skal bli Miljøfyrtårn bedrift på vegne av kommunane Stord, Fitjar, Austevoll og Bømlo i 2020.

Det vart tildelt 211 fellingsløyve på hjort i 2020 og registrert felt 159 dyr, som gir ein fellingsprosent på 75 %. Austevoll kommune bestilte i 2020 ein forvaltningsplan for gås, og arbeidet er komen godt i gong.

Veterinærvakttenesta i Stord vaktområde omfattar kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Austevoll. Kommunane har også i 2020 ytt tilskot for å sikra ei forsvarleg veterinærteneste og ei god vaktordning.

4 Oppvekst

Sektoren blir leia av kommunalsjef Oppvekst.

4.1 Barnehage

Austevoll kommune er barnehagemynde og skal rettleie og sjå til at barnehagar blir drivne i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen har ansvar for å sikre barnehagetilbod av høg kvalitet og bidra til å sikre barn likeverdige og gode oppvekstvilkår. Vidare skal kommunen legge til rette for ein samordna opptaksprosess slik at alle barn får barnehageplass i samsvar med lov. I vår kommune gjekk 94,3% av born 1 – 5 år i barnehage i 2020, landssnittet er 92,7%.

I 2020 blei det gjennomført eit økonomisk tilsyn etter barnehagelova. Frå 2021 er ansvar for økonomisk tilsyn lagt til Utdanningsdirektoratet. Hausten 2020 varsla kommunen stadleg tilsyn i to av barnehagane. Tilsyna er eit samarbeid mellom barnehagemynda i Midthordland kompetanseregion. Begge tilsyna måtte utsetjast grunna Covid-19 restriksjonar. Hausten 2020 blei det gjennomført skriftleg tilsyn i alle seks barnehagane.

Barnehagane har i løpet av året rapportert seks gongar om bemanning, arealutnytting, tal barn, alder og pedagognorm. Kommunen har lagt til rette for møteplassar med styrarar og PP-tenesta, dei fleste på teams. Barnehagane har delteke på forvaltningsmøte med tema som omhandlar regelverk knytt til barnehagedrift og ulike utfordringar knytt til covid-19 og barnehagedrift. Grunna covid-19 er fagdag for alle styrarar i Midthordland kompetanseregion utsett til haust 2021.

Kolbeinsvik barnehage og Eventus Haugland barnehage fekk tildelt midlar til kompetanseutvikling i barnehageåret 2020-21. Desse midlane kjem frå ei regional ordning som Statsforvaltaren styrer. Midlane skal bidra til at barnehagar utviklar den pedagogiske praksisen.

Austevoll har stort utbytte av samarbeid med dei andre barnehageansvarlege i Midthordland kompetanseregion i jamlege møte og samarbeid om rutinar og i arbeidet generelt.

4.2 Barnevern

Barneverntenesta jobbar etter barnevernlova og skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår og sikre hjelp til dei som treng det. Barneverntenesta behandlar bekymringsmeldingar og søknader om bistand og hjelp. Det blir då starta ei undersøking for å kartlegge barnet sin situasjon. Undersøkinga kan leie til at saka blir lagt bort, eller det kan bli iverksatt tiltak av ulik karakter.

Barnevernet held til i Austevoll helsehus kor dei er samlokalisert med andre einingar i kommunen. Det er 5 årsverk fordelt på 5 tilsette, alle kvinner.

Barnevernet sine brukarar er barn, ungdom og familiar i ein vanskeleg eller utfordrande livssituasjon, som treng oppfølging og tiltak frå barneverntenesta. Tenesta jobbar for gode oppvekstvilkår gjennom førebyggjande tiltak og samarbeid med andre instansar:

- råd og rettleiing til foreldre
- samtalar med born og unge
- tilvising til andre instansar som psykolog, BUP, familievernkontor, statleg barnevern ol.
- eit tverrfagleg samarbeid med andre etatar i kommunen som jobbar med barn/unge
- vurdere omsorg for born for vidare plassering i fosterheim eller institusjon

Barnevernet i Austevoll har hatt utfordringar i 2020 som har gjort det nødvendig å leige inn ekstern bistand i prosjektstilling. Engasjementet er gjort for å styrke internkontroll, leiing og struktur i saksbehandling. Kostnadene har gått ut over rammene i budsjettvedtaket. Dette er rapportert fortløpande gjennom året.

Barneverntenesta har sidan 2018/2019 hatt barnevernsvakt i samarbeid med Bergen kommune. Dette for å sikre at innbyggjarane skal få akutt hjelp utanom kontortid, i helg og heilagdagar.

Barneverntenesta jobbar tett med barnehagar og skular i kommunen for å drive førebyggjande arbeid. Tenesta har som mål å besøke alle barnehagar og skular i løpet av 2021. Barneverntenesta er involvert i drøftingsteam saman med helsestasjon, PPT og legetenesta. I drøftingsteam kan alle offentlege instansar som har kontakt med barn og unge drøfte bekymringar anonymt.

Fleire i tenesta har tatt, og nokre held på med vidareutdanning på høgskule/masternivå innan fagfeltet. Fleire av utdanningane er del av Bufdir si kompetanseheving innan barnevern. Austevoll barnevern har og delteke på Statsforvalteren sitt læringsnettverk der det blir gitt oppdatert informasjon om lovverk og drift av tenester. Austevoll er og med i eit prosjekt saman med Kvinnherad og Tysnes kommune; "Prosjekt på tvers av kommunegrensar".

Barneverntenesta har starta førebuingar i høve barnevernsreforma som trer i kraft i 2022. Denne reforma vil krevje meir av kommunen - meir ansvar, økonomi, oppgåver og tenester. Dette vil gjelde for alle kommunale instansar som er i kontakt med barn.

4.3 Pedagogisk psykologisk teneste - PPT

Alle kommunar er pålagt å ha ei Pedagogisk psykologisk teneste (PPT). PPT er kommunen sitt sakkunnige organ som blant anna skal:

- sørge for at det blir utarbeida sakkunnig vurdering når lova krev det
- bistå barnehagar og skular i arbeid med kompetanse- og organisasjonsutvikling
- legge til rette for gode barnehagetilbod og gode skuletilbod for barn med særskilte behov

PPT i Austevoll har 2,8 årsverk - leiar og to pedagogisk psykologiske rådgjevarar, ein for skule og ein for barnehage. I tillegg har me eit barnehageteam med 1,6 pedagogstillingar til utøvande arbeid i barnehagane.

PPT si brukargrupper er skular, barnehagar, barn og unge, føresette, samt vaksenopplæringa. PPT samarbeider tett med andre kommunale tenester og med ulike kompetanseiningar utanfor kommunen. Tenesta er med i fleire tverrfaglege team. Målet er å oppdage vanskar så tidleg som mogeleg slik at ein kan gi tidleg hjelp. Tenesta er også aktiv i arbeidet med å hjelpe barn til å få ei meir robust psykisk helse.

Pedagogane i barnehageteamet utfører spesialpedagogisk hjelp til barn under skulepliktig alder. I dette arbeidet blir det lagt vekt på å drive språkgrupper som eit lågterskeltilbod. Det er også viktig å gi råd og rettleiing i barnehagane for å sikre eit godt allmennpedagogisk tilbod for barnehageborna.

Dei siste åra har det vore stor auke i tilvisingar til tenesta. Det vert fleire og meir komplekse saker. Dette krev fagleg kompetanse, som igjen krev oppdatering og kunnskapsinnhenting.

Nasjonal omlegging av dei spesialpedagogiske kompetansesentera vil bli krevjande for PPT dei neste åra. Mange saker der PPT har henta hjelp utanfrå, vil innan ein femårsperiode bli lagt til kommunen sine oppgåver aleine - dette vil kreve at tenesta må auke den formelle kompetansen sin. Frå nasjonalt hald er det bestemt at kompetansen skal flyttast frå kompetansesentera og inn i dei lokale PP-tenestene.

4.4 Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Helsestasjon- og skulehelsetenesta er ei lovpålagt teneste som skal jobbe førebyggjande og helsefremjande mot barn og unge og deira familiar. Tenesta er eit lågterskel tilbod som skal vere lett tilgjengeleg for brukarane. Brukargruppa er born og unge frå 0 til 23 år, samt foreldre og/eller føresette.

Helsestasjon har ansvar for oppfylging av barn 0-5 år og deira familie. Det er fokus på både fysisk og psykisk utvikling, trivsel, foreldrerettleiing, vaksinasjon og smittevern. Helsesjukepleiar har og fokus på å avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt.

Skulehelsetenesta har ansvar for elevar mellom 6 og 20 år, der helsesjukepleiar har fokus på å fremje psykisk og fysisk helse hos alle elevar. Elevane får tilbod om helsekontrollar, undervisning og vaksinasjonar etter anbefalt program. Tenesta har faste kontordagar på alle fem skulane i kommunen. Helsesjukepleiarar i skulen har individuelle samtalar med elevar, i tillegg til klasseundervisning og undervisning i grupper. Skulehelsetenesta skal ha fokus på den psykiske helsa hos elevar, og tilvise vidare til andre hjelpeinstansar ved behov.

Avdelinga har 6 helsesjukepleiarar tilsett i faste stillingar, fordelt på 4,95 årsverk. 3 helsesjukepleiarar driftar helsestasjonen, medan 3 helsesjukepleiarar jobbar i skulane - alle tilsette er kvinner.

Helsestasjon for ungdom (HFU), er eit helsetilbod for ungdom mellom 13 og 23 år, med opningstider på Helsehuset kvar torsdag. På HFU er det mest fokus på psykisk og seksuell helse hos ungdom. Det er jordmor, helsesjukepleiar og lege som driftar HFU. Tilbodet er gratis og ein treng ikkje tinga time på førehand.

Kommunepsykolog skal primært jobbe helsefremmande og førebyggjande i forhold til barn og unge si psykiske helse, og kan utføre behandling av lettare til moderate vanskar hos barn og unge. Kommunepsykolog er eit mellomtrinn mellom helsestasjon- og skulehelsetenesta og 2. linjetenesta (f.eks BUP). Frå oktober 2020 har helsestasjon- og skulehelsetenesta hatt kommunepsykolog for barn og unge (0 til 20 år) tilgjengeleg for tenesta i ca 30 % stilling.

Miljøretta helsevern er også ein del av kontoret sine arbeidsoppgåver, blant anna tuberkulosekontroll av tilflyttarar til kommunen frå andre land.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta deltar i ei rekkje tverrfaglege team, der målet er å kome inn med hjelp til barn og ungdom så tidleg som mogleg. Tenesta samarbeider aktivt med barnehagar, skular, barnevern, PPT,

jordmor, legetenesta og fysioterapiavdelinga i kommunen. Barn og ungdomspsykiatri avdeling Nesttun (BUP), er også ein viktig samarbeidspart.

Nye tiltak i 2020:

- oppstart av grupper for barn og ungdom med angstproblematikk, «Cool Kids»
- undervisning på 5. trinn om «Psykologisk førstehjelp» på alle barneskular
- tilbod om samtalegrupper for barn med skilteforeldre på alle skular
- fortsette med foreldrerettleiing i grupper

Helsestasjonen opplever at tenestene dei tilbyr er etterspurt. Det er viktig med slike lågterskel-tilbod til barn og unge.

4.5 Kulturskulen

Kulturskulen driv undervisning frå ulike lokalitetar - her nyttar ein dei lokala som er best eigna ut frå den undervisning som skal gjennomførast. Storparten av undervisninga skjer i skulelokale, men det er også undervisning i private heimar og i leigde lokale.

Kulturskulen har 3,6 årsverk fordelt på 11 lærarar – 7 kvinner og 4 mann. Våren 2020 hadde kulturskulen 156 elevar og 174 elevplassar. Dette er 12 elevar færre enn i 2019. Brukargruppa er personar i alderen 6-53 år.

Skulen har vore sekretariat for Austevoll musikkråd fram til sommaren 2020. Denne ordninga er avslutta. Det blir tilbode tenester til psykisk helse og Austevoll PO-senter. Dette skjer gjennom musikkterapi og song- og musikkstunder for bebuarar på PO-senteret.

Musikktilboda i kulturskulen famnar om undervisning innan:

- musikkstart
- song
- piano
- gitar, el. gitar, bassgitar
- keyboard
- slagverk
- bandundervisning
- musikkverkstad
- tilpassa musikkopplæring

Vidare omfattar tilbodet aspirantopplæring for KDV skulekorps. Kulturskulen har og undervisning i teikning og maling, dans (1.- 6. klasse) og jazzdans (8.-10. klasse).

Kulturskulen organiserte og la til rette for Den kulturelle skulesekken (DKS) i Austevoll i 2020. Tilsvarande blei gjort for UKM (Ung Kultur Møtest) i lag med Austevoll ungdomsråd.

Hausten 2020 starta arbeidet med å revidere «Plan for innhald, kvalitet og utvikling i kulturskulen». I samband med dette blei det våren 2020 gjennomført ei spørjeundersøking for å kartleggje interesse for nye tilbod. Denne undersøkinga har mellom anna ført til at det er vedteke å starte opp med teater i 2021.

I 2020 har delar av den planlagde aktiviteten vore avlyst pga korona, og andre delar har i periodar vore endra til digitale løysingar.

4.6 Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa held til i dei gjenståande delane av det gamle kommunehuset på Storebø. Her er dei samlokalisert med kyrkjekontoret og framtidig ungdomslokale. Det er 4,2 årsverk i eininga. Desse årsverka er fordelt på 5 personar – 4 kvinner og 1 mann. Alle tilsette i undervisningsstilling er utdanna lærarar. I tillegg kjem ein merkantilt tilsett i 20% stilling.

Brukargrupper er flyktningar, familiegjengeforeinte og betalingselevar. Vidare er det deltakarar med særskilte behov og vaksne med manglande grunnskuleopplæring. Totalt har det i 2020 vore 25 deltakarar i norsk, 5 deltakarar i grunnskuleopplæring og 5 deltakarar med særskilte behov.

Vaksenopplæringa gir tilbod om fag og kurs for å kvalifisere seg for arbeidsmarknad eller vidare utdanning på høgare nivå.

Det er mange deltakarar som har gjennomført eksamen i norsk og samfunnskunnskap i 2020. Norskeksamen og kveldskurs våren 2020 blei avlyst pga koronasituasjonen. Nye kurs og eksamen blei gjennomført hausten 2020. Vaksenopplæringa samarbeider tett med NAV og flyktningkoordinator om introduksjonsprogrammet. Dette programmet er meint å kvalifisere og førebu flyktningar for integrering i samfunnet. Det er også gjennomført språk- og arbeidspraksis ute i ulike bedrifter i kommunen gjennom året. Vaksenopplæringa er takksam for det samarbeid bedriftene tilbyr.

Utfordringar med digital undervisning var vanskelegare å handtere for vaksenopplæringa enn for dei øvrige skulane i kommunen. Dette hadde si årsak i ulik kompetanse hos deltakarane, samt utdaterte PC-ar. Det er gjort eit løft på den sistnemnte faktor.

Det vil bli stilt større krav til norskopplæringa i tida som kjem. Dette er ein følge av ny integreringslov som blir gjeldande frå 1. januar 2021. Dette må vaksenopplæringa ta høgde for i planlegging av drifta. Blant anna betyr det auka samarbeid og samhandling med andre einingar i kommunen.

4.7 Kulturkoordinator

I april 2020 blei det oppretta eigen stilling som kulturkoordinator i Austevoll kommune. Tanken bak dette er å vareta kommunale kulturoppgåver på ein god måte. Det ligg slike oppgåver til stillinga:

- sakshandsaming av kultursaker til politisk handsaming
- samfunnsutvikling og planarbeid innanfor kultursektoren
- koordinere og legge til rette for kulturarrangement i samarbeid med eksterne aktørar
- søknader, oppfølging og rapportering på kommunale tilskotsordningar

- søknader og koordinering av nasjonale og regionale kulturprogram

Eininga har 1 årsverk. I tillegg var det i 2020 ei prosjektstilling på 0,2 årsverk som hovudsakleg hadde oppgåver i tilknytning til kulturminneplanen.

Kulturlivet i Austevoll har stor breidde, mange organisasjonar søker midlar frå dei kommunale tilskotsmidlane. Det vert jamnleg arrangert små og store konsertar av både lokale og meir kjende artistar. Koronasituasjonen har ramma kulturlivet hardt i 2020. Dette gjorde at mange store og små arrangement som var planlagd i 2020 blei avlyst eller utsatt. Kulturformidling er langt på veg blitt sett "på vent" - me håpar på føreseieleg utvikling i tida som kjem!

Aktivitet rundt ungdom og ungdomskultur er viktige satsingsområder for Austevoll kommune. Ungdomsrådet har gjort eit viktig arbeid i 2020 for å få på plass lokale som kan bli eit viktig møtepunkt. Det er 3 nye ungdomsklubbar under planlegging i kommunen - kulturkoordinator og frivilligkoordinator vil ha ei støttande og koordinerande rolle under etableringa av desse. Målet er å tilby gode og varierte aktivitetstilbod til ungdommen vår i heile kommunen.

4.8 Austevoll folkebibliotek

Austevoll folkebibliotek held til i andre etasje i Bekkjarkvart torg, og er eit moderne bibliotek som tilbyr ulike tenester til publikum, med utlån av både fysisk og digitalt materiale. Biblioteket er meirope, noko som tillet kundar å bruke biblioteklokalet utanom bemanna opningstid.

Biblioteket har 1,35 årsverk fordelt på 3 tilsette, 2 kvinner og 1 mann. I 2020 er det registrert 8153 besøkande. Dette er ein kraftig reduksjon frå 2019 då det blei registrert 15775 besøkande. Årsaka til dette er koronasmitta.

Utlån av medier hadde ein reduksjon som tilsvarar reduksjon i besøkstal. Innkjøp av bøker blei i denne fasen nedprioritert på bekostning av ekstra møblar til eksponering av litteratur, nye barnemøblar og utstyr ein treng ved litterære arrangement.

Det var 3 kulturarrangement i 2020 og 1 omvisning i regi av biblioteket. I tillegg var det 7 kulturarrangement i biblioteket i regi av andre. Dette var ein stor nedgang samanlikna med 2019, av same grunn som besøksnedgangen. Biblioteklokalet var heilt stengt i perioden 16. mars- 17. mai 2020. I denne perioden skjedde utlevering av bøker frå biblioteket kun etter bestilling frå brukarar. I den stengte perioden blei boksamlinga gjennomgått - gamle og utgåtte media blei kasserte. Ein del av det kasserte materialet blei tilbydd skulane og andre.

Den populære landsomfattande digitale Sommarleskampanjen for 1.-7. klassetrinn gjekk som vanleg, og førte til eit stort engasjement og utlån av barnebøker i sommarmånadene.

Utlån av digitale media (e-bøker, e-lydbøker, filmar, e-aviser/tidsskrifter) fekk stort oppsving i Hordaland og på landsbasis. Publikum er blitt mykje flinkare til å nytte seg av biblioteket sine digitale tilbod, til dømes bestilling av materiale frå andre bibliotek.

Med støtte frå Vestland fylkeskommune kunne biblioteket i samarbeid med May-Linn Clement lage og publisere sin første eigenproduserte film. Den vart publisert på biblioteket sin youtube-kanal og delt på biblioteket si heimeside og facebookside. Den handlar om yrket som avisteiknar.

Det vart teke initiativ frå kultur om å få ein leseiosk (gammal telefoniosk) til Storebø, som folkebiblioteket er tiltenkt å vera fadder for. Like eins er folkebiblioteket tiltenkt ei rolle når det gjeld dagsturhytta som er plassert på toppen av Loddø, høgaste fjellet i Austevoll.

Biblioteket fekk under haustens budsjettbehandling innvilga auke i bibliotekarstillinga frå årsskiftet 20/21. I tillegg vart det innvilga 150.000 kroner til ombygging av eit spelerom i biblioteket for barn og unge.

4.9 Grunnskulane

Vi har 3 offentlege grunnskular og 1 privatskule i kommunen. Det er 744 elevar i skulane våre i hausthalvåret 2020 (inkl privatskulen).

Grunnskulane omfattar desse tenestene:

- Grunnskuleopplæring 1.-10. trinn etter læreplanen (og for vaksne som treng det)
- SFO- ordning 1.-4. trinn
- Lokalitetar for og i samarbeid med kulturskulen
- Lag og organisasjonar brukar skulelokale til trening, øving, arrangement
- Utleige av lokale til arrangement, kurs m.m.

Det er opplæringslova som regulerer grunnskule og vidaregåande opplæring i offentlege og private grunnskular. Den overordna planen for grunnskulen i Austevoll kommune er forankra i gjeldande lover og regelverk, og set føringar og mål for arbeidet i alle skulane.

Austevoll kommune deltek med alle grunnskulane og PPT i eit samlingsbasert tilbod frå Utdanningsdirektoratet omkring inkluderande skulemiljø. Dette tilbodet varar ut 2021 og gir ressursar til å arbeida med trygge og gode skulemiljø med ei kunnskapsbasert tilnærming. Kompetanseutviklinga skal styrka kompetansen til skular og skuleeigarar til å skapa og oppretthalda gode skulemiljø, og førebyggja, avdekka og handtera mobbing og andre krenkingar.

Fagfornyinga kom for fullt inn i 2020 og inneber at alle læreplanar for fag i grunnskulen og vidaregåande opplæring er fornyte og gjeldande frå august 2020. Fagfornyinga handlar i all hovudsak om at læreplanane skal bli meir relevante for framtida. Faga skal få meir relevant innhald, tydelegare prioriteringar og samanhengen mellom faga skal bli betre.

Den statlege strategien for vidareutdanning "Kompetanse for kvalitet" vert vidareført fram til 2025 for å sikra at lærarar som manglar formell kompetanse får tilbod om utdanning.

4.9.1 Selbjørn skule

Selbjørn skule er sentralt plassert i Bekkjarvik med kort veg til sentrum. Idrettsanlegg og friluftsområde ligg tett på skulen – eit flott utgangspunkt for ein skule!

Det er til saman 16,4 årsverk til undervisning og leining. I tillegg er det 7,3 årsverk som fordeler seg på assistentar, ungdomsarbeidarar, miljøterapeutar og merkantilt tilsette. Det er 33 tilsette fordelt på årsverka, av desse er 5 menn og 28 kvinner.

Skulen har 184 elevar og eigen SFO. Skulen har elevråd, samarbeidsutval og FAU. Lunsjordninga på skulen for elevar i 4. - 7. klasse blei stengt ned i mars 2020 pga korona. Skulen arbeider aktivt for at alle elevar skal ha eit trygt og godt læringsmiljø. Blant anna gjennomfører skulen ei utvida undersøking blant elevar kvart år for å sikre gode og fullstendige tilbakemeldingar på elevmiljøet.

Alle elevar har sin eigen pc som blir nytta kvar dag i undervisninga. Skulen opplever at den digitale kompetansen er auka i 2020 der ein fekk store utfordringar etter at koronasmita kom til kommunen.

Satsingsområde:

- teknologi og design - praktisk tilnærming for å sikre kreativitet og teknologisk kompetanse
- villsauprosjekt i samarbeid med lokal eigar
- praktisk musikkopplæring - band og samspel
- solidaritetsarbeid – hjelpeprosjekt gatebarn Brasil

FAU og skulen arbeider for å trygge trafikkavviklinga rundt skulen og idrettsanlegget. Det er mykje trafikk i området ved skulestart og skuleslutt. Dei fleste elevane kjem med skulebuss, men mange køyrer likevel barna sine til skulen. Skuleleiinga har faste månadlege møter med FAU. Skulen ynskjer også å styrke elevrådet sin medverknad i skulekvardagen.

Skulen har fått på plass ein elevaula med amfi med 200 seter. Her kan alle elevar og personale samlast. Det ligg føre planar for vidare utvikling av lokalet til ein fullverdig kultursal med moderne fasilitetar. Dette blir gjort i samarbeid med Austevoll musikkråd og private støttespelarar. Kultursalen er også inne på budsjettplanen for Austevoll kommune i 2022.

4.9.2 Storebø skule

Storebø skule er den største skulen i kommunen med 320 elevar hausten 2020. Desse er fordelt på 17 klassar. Det er til saman 28 årsverk til undervisning og administrasjon. I tillegg er det 8 årsverk som fordeler seg på assistentar, ungdomsarbeidarar, miljøterapeutar og merkantilt tilsette. Det er 50 tilsette fordelt på årsverka, av desse er 4 menn og 46 kvinner.

Skulen har vore i ein lengre prosess med helsevern godkjenning - dette starta opp i 2019. I 2020 blei det klart at arealbehova til skulen er større enn det ein tidlegare har lagt til grunn. Dette resulterte i oppstart av eit prosjekt kor ein skal sjå på dei langsiktige behova for skulen. Samtidig blei det avdekka at skulen har eit akutt behov for større areal frå skuleåret 21/22. Skulen har arbeidd for ei mellombels løysing som blir lagt fram til kommunestyret våren 2021. Helsevern godkjenninga er nær ei løysing - me håpar dette er avklart innan sommaren 2021.

Skulen har elevråd, samarbeidsråd og FAU. Skulen har eit godt spesialpedagogisk team. Skulebiblioteket er hjarte i skulen og blir drifta på ein god måte.

Koronapandemien har sjølv sagt hatt stor påverknad for drifta på skulen i 2020. Noko av utviklingsarbeidet er blitt forseinka. På den anna side er me blitt flink til å ta i bruk digitale løysingar. Skulen har også vore heldige med lite smitteutbrot og lite karantenar for elevar og tilsette. Skulen var nedstengt ein periode våren 2020 kor all undervisning var digital. Ved ny oppstart av skulen i mai 2020 opplevde skulen at elevane var glade for å koma tilbake – dette er eit godt teikn for alle oss på Storebø skule.

Satsingsområde:

- halde fram med arbeidet med prosjekt "tidleg innsats"
- uteskule skal vera ein del av opplæringsstilbodet
- arbeide aktivt med fagfornyninga
- system for å sikre eit godt og trygt skulemiljø
- prøveperiode med at leiinga består av rektor og avdelingsleiar

Rektor opplyser at det er eit godt samarbeid mellom skule og heim, spesielt blir arbeidet til FAU framheva som eit viktig bidrag til utviklinga av skulen. Elevrådet er også aktivt og deltakande i skulen sin kvardag.

4.9.3 Austevoll ungdomsskule

Utbygginga av skulen starta juni 2018 - den skulle stå ferdig hausten 2020. Året 2020 har vore prega av byggearbeida. Både rektor, vaktmeister og dei andre tilsette har hatt eit krevjande år med mykje ekstraarbeid for å få skulen operativ. Det har spesielt vore utfordrande med fløy 3 og 4.

Skulen skal frå august 2021 gå over til avdelingsleiarar for kvart trinn. Teamleiarane våre har i dag 3 timar nedsett undervisning for å avlaste arbeidet som skuleleiinga har. Skulen har uttrykt ynskje om meir ressursar til undervisning når avdelingsleiarmodellen blir innført.

Som alle andre skular har ungdomsskulen elevar som slit med psykiske utfordringar. Hausten 2020 hadde me ein større del av elevar med spesialundervisning enn det som er landssnittet.

Hausten 2018 tok skulen initiativ til kursing av alle tilsette innanfor temaet «elevar som utfordrar oss – sinne og aggresjon». Skulen har 2 miljøterapeutar som er ferdig sertifisert som ART-instruktørar. Desse har undervisning med små grupper av elevar som har ulike utfordringar. Skulen treng ei meir praktisk opplæringsarena for guttar som ikkje meistarar den teoretiske ungdomsskulen.

Skulen har IKT-ressurs med 2 undervisningstimar pr veke fordelt på 2 lærarar. Rektor har fremma ynskje om at denne ressursen bør aukast frå skuleåret 21-22. Skulen har hatt utfordringar med kvaliteten på elevmaskinar. Ungdomsskulen bør få prioritet når nye datamaskinar skal kjøpast inn.

Koronapandemien har bidrege til at dei tilsette har fått auka kompetanse på å drive digital skule. Det er lagt ned ein betydeleg arbeidsinnsats hos våre tilsette for å få dette til. Rektor opplyser om eit godt samarbeid og miljø blant dei tilsette på skulen. Skulen sitt personale ynskjer å framstå som rollemodellar med gode haldningar til kva som er gode normer og reglar. Dette er eit kontinuerleg arbeid som heng saman med andre delprosjekt som skulen arbeider med.

Austevoll kommune er med i eit pilotprosjekt i regi av Vestland fylke - Nyskapande aktivitetssanlegg. Det er gjennomført ei stor kartlegging av behov, og det vil bli presentert konkrete forslag våren 2021. Skulen treng eit uteområde som inspirerer elevane til å vere aktive ute.

Når elevane sluttar på Austevoll ungdomsskule, vil vi at dei skal

- ha eit godt sjølvbilet
- ha fått gode relasjonar til medelevar og tilsette

- visa respekt for andre, ta ansvar og vere tolerante
- vere kunnskapsrike
- ha god studieteknikk
- ha tru på framtida og meistra komande utfordringar

Satsingsområde som skal også skal vidareførast og nye :

- MOT – skulen som samfunnsbygger
- fokus på læringsstrategiar
- skulen samarbeider med Austevoll næringsråd og opplæringskontoret i Austevoll
- arrangere Karrieredagen annakvart år
- samarbeid med Austevoll vidaregåande der elevar i 10 kan ta fag ved vidaregåande
- auka fokus på at alle elevar skal få eit trygt og godt læringsmiljø
- psykisk helse – opplegg for alle elevar kvar vår
- auka fokus på lesing i alle fag
- bruk av digitale hjelpemiddel
- musikal annakvart år

Det er 23 årsverk undervisningspersonale på skulen, inkl administrasjonen. Vidare er det 8,3 årsverk assistentar og miljøarbeidarar. Av 38 tilsette ved skulen er det 10 menn og 28 kvinner. Det er ei utfordring for framtida å få fleire mannlege lærarar og assistentar ved skulen.

Det er til saman 184 elevar ved skulen. Dei neste åra ventar ein ei større auke i elevtalet.

5 Helse og velferd

Sektoren blir leia av kommunalsjef Helse og velferd.

5.1 Legetenesta

Legetenesta drifrar fastlege- og allmennlegeverksemda i kommunen. Vidare har kontoret oppgåver knytt til utdanning og opplæring, samfunnsmedisin, legevakt og administrative funksjonar.

Kommunen har sidan 2018 vore deltaker i eit statleg forsøksprosjekt kalla Primærhelseteam. Dette inneber at sjukepleiarar støttar legetenesta aktivt med besøk og oppfølging av særskilte pasientgrupper. Sjukepleiarane ved kontoret yter også støtte til jordmor, helsestasjon og pleietenestene.

Aktiviteten ved legetenesta var sterkt prega av koronapandemien i 2020. Kommuneoverlegen har vore sentral i den kommunale kriseleiinga gjennom året, dette inkluderer også ei koordinerande rolle i regionen. Pandemien medførte store endringar i drifta ved kontoret. Dette pga smittevernomsyn som blant anna resulterte i fleire heimebesøk, videokonsultasjonar, eigen luftvegsklinikk, endringar i lokaler m.m.

Begrepet TISK er etterkvart blitt kjent – Testing, Isolering, Smittesporing, Karantene – dette krevde store ressursar gjennom heile 2020. Dette gjorde det naudsynt å bruke vikartimar/overtid som utgjorde ca 2,5 årsverk i 2020. Den krevande situasjonen legetenesta har hatt med pandemien, har hatt negative konsekvensar for utviklingsarbeid, vidareutdanning og andre tiltak.

Eininga har 5 faste årsverk som lege, og 3 årsverk som sjukepleiar. I tillegg har ein 1 fast årsverk som LIS-1 lege. Det er 1,2 årsverk helsesekretær og 1,5 årsverk sjukepleiar i primærhelseprosjektet. Til saman har legetenesta i 2020 hatt 17 tilsette fordelt på 6 menn og 11 kvinner. Ved utgangen av året hadde kontoret 2 legestillingar som ikkje var besatt. Det er ei utfordring å rekruttere kvalifisert personell.

Nokre viktige punkt for aktiviteten i 2020:

- aktivt arbeid med TISK har gjort at ein aktiv kommune som Austevoll i hovudtrekk har klart seg tilfredsstillande gjennom året
- legevakta blei drifta utan avbrot til tross for dei store utfordringar heile samfunnsdrifta hadde i 2020

5.2 NAV

NAV-kontoret består av to delar, ein kommunal del og ein statleg del. Eininga har 4 faste årsverk på den kommunale delen (inkl leiar), og 1,8 årsverk på den statlege delen. NAV-leiar er leiar for både den kommunale og den statlege delen.

NAV kommune har tre hovudområde under kommunal velferd:

- sosialteneste
- flyktningteneste

- startlån/tilskot

Sosialteneste inneber opplysningsverksemd, rådgjeving økonomi, økonomisk stønad, kvalifiseringsprogram og mellombels bustad. Kvalifiseringsprogrammet omfattar eit tilbod om opplæring og kvalifisering/arbeidstrening.

Flyktningtenesta blir administrert av NAV. Det bur 40 flyktningar i Austevoll pr. 31.12.2020 etter avtale mellom IMDI og Austevoll kommune. Austevoll kommune busette 9 flyktningar i 2020. Det blei utført forvaltningsrevisjon av tenestene våren 2020 - "Integrering av flyktningar i Austevoll kommune". Handlingsplan for merknader og tiltak er under arbeid.

Rammene for Startlån blei auka i 2020. Kommunen mottok 22 søknader i 2020 - 20 til kjøp av bustad, 2 til refinansiering. I tillegg er det motteke 4 søknader om etableringstilskot og 1 søknad om utbetringstilskot.

Covid-19 hadde stor verknad for kontoret sine opningstider i 2020. I ein tidleg fase av pandemien, opplevde me ei markant auke i talet på permitterte. Dette normaliserte seg utover hausten 2020, men det er enda noko høgare permitteringstal enn det som var status før mars 2020.

Det blei innført ei digital løysing for søknader (Digisos) i 2020. Dette vil forenkle og lette arbeidet med søknadsbehandlinga for begge partar.

5.3 Ergo- og fysioterapitenesta

Tenesta har hovudansvar for rehabilitering i kommunen, frå born til vaksne og eldre. Dette skjer i heimane til folk, på Helsehuset, ved fysikalske institutt, på skular/barnehagar og institusjon. Tenesta legg til rette for utlån av hjelpemidlar til kort- og langtidsbruk for alle aldersgrupper. Tenesta bistår innbyggjarar om tilrettelegging av bustad slik at dei kan bu heime så lenge som mogeleg.

Tenesta har i 2020 hatt fem faste stillingar fordelt på fem årsverk, 3 fysioterapeutar og 2 ergoterapeutar. I tillegg yter kommunen to driftstilskot til fysikalske institutt. Det har i tillegg vore to stillingar i prosjekt "Leve heile livet". Ein fysioterapeut i 80 % stilling frå medio oktober og ein ernæringsfysiolog i 30% stilling.

Austevollbadet blir nytta som arena for rehabilitering. Dette er eit svært populært tilbod for dei som ikkje kan nytte bassenget på vanleg måte. Mindre grupper får tilbod om trening med fysio- og ergoterapeut i terapibassenget.

I mars 2020 fekk tenesta 2 nye stillingar. Dette medførte fast drift av kvardagsrehabilitering i kommunen. Ein fysioterapeut og ein ergoterapeut arbeider med tilbod om kvardagsrehabilitering i heimane. Kvardagsrehab-teamet bidreg også til fast drift av rehabilitering av grupper i basseng to timar i veka frå september- mai.

Tenesta hadde tilnærma nedstengt drift i 6 veker frå 12. mars og fram til slutten av april. Dette hadde si årsak i koronasituasjonen. Begge dei to fysikalske institutta blei også stengd. 1 årsverk frå avdelinga blei lånt ut til HSK for å bistå med sakshandsaming så lenge skular og barnehagar var stengde. Vaksne og eldre som blei vurdert med særskilde behov for opptrening, fekk tilbod om trening i heimen. Ein fysioterapeut arbeidde full tid med rehabilitering av pasientar som blei innlagt covid-19 avdelinga ved Prestaneset. Tenesta måtte i 2020 tilpasse og endre rutinar i tråd med gode smittervernstiltak. Frå sommaren 2020 har tenesta hatt tilnærma normalt drift og institutta har vore opne.

5.4 Psykisk helse og rus

Tenesta skal bistå vaksne som opplever psykiske vanskar og utfordringar med rus. Eininga har 4,1 årsverk.

Brukargruppa består av vaksne over 18 år som har ein vanskeleg livssituasjon. Tenesta bistår med:

- førebyggjande tiltak
- identifisering av vanskar
- kartlegging, diagnostisering og funksjonsvurdering
- tidleg hjelp og behandling
- psykososial støtte og rettleiing
- tverrfagleg samarbeid
- tilvisning til spesialisthelsetenesta

Tenesta følger opp 116 pasientar. Det synest å vera ei auke på unge vaksne (21 – 30 år).

Evalueringsav måloppnåing i 2020

- tilsett 2 erfaringskonsulentar/medarbeidar med brukarerfaring
- tilsett psykolog
- har gjort lågterskeltilbodet meir tilgjengeleg

Tenesta søkte i 2019 midlar for etablering av erfaringskonsulentar. Dette blei innvilga, og kommunen engasjerte 2 erfaringskonsulentar i 2020. Dei skal styrke brukarperspektivet og brukarmedverknad i tenesteytinga.

5.5 Helseservicekontoret

Helseservicekontoret (HSK) er Austevoll kommune si koordinerende eining innafor helse- og omsorgstenestene i kommunen. Brukargruppa er innbyggjarar som grunna alder, nedsett funksjonsevne, utviklingshemming eller anna, har behov for tilbod for helse- og omsorgstenester. HSK fattar vedtak om:

- heimesjukepleie
- praktisk bistand og opplæring
- pårørandestøtte
- dagsenter/dagtilbod
- tryggleiksalarm
- brukarstyrt personleg assistanse
- omsorgsbustad
- individuell plan
- opphald i institusjon
- støttekontakt

HSK har overordna ansvar for å koordinere helse- og omsorgstenester i kommunen. Kontoret skal vera «ei dør inn» til tenestene. Alle vedtak som blir fatta, blir gjort ut frå ei kartlegging av behov hos søkjaren. Dette er eit

krevande arbeid som tek mykje av tida ved HSK. Eininga har 4 årsverk. I 2020 blei det ekstra utfordringar knytta til koronasmitte. HSK var sentral i etableringa av ekstra sengeplassar ved omsorgsbustadene våre. Rekommunalisering av pleietenestene var også eit felt som tok mykje av kapasiteten til kontoret. Kontoret deltok aktivt i fleire grupper i prosjektplanen som blei gjennomført i forkant av overføringa til kommunal drift. I 2020 blei det gjort endringar ved handsaming av søknader om tryggleiksalarmar – HSK har no har eit utvida ansvarsområde for denne oppgåva.

HSK har også ansvar for kvalitet- og systemarbeid innafor fleire fagsystem. Rapportering til statleg mynde inngår også som eit viktig arbeid, her skjer det heile tida endringar som ein må følge opp.

5.6 Jordmortenesta

Jordmortenesta følger opp gravide under svangerskap, og møter familiane på heimebesøk etter heimkomst. Det vart fødd 51 barn i Austevoll i 2020. Dette er noko lågare fødselstall enn dei forrige åra - dette er ein tendens som pregar heile landet. Jordmor følger fødande inn til sjukehus ved behov. Nokre gongar går det fort, og i 2020 blei det 2 fødsjar på veg til sjukehuset!

Jordmortenesta har 1,65 årsverk. Tenesta har vaktordning som sikrar god hjelp og oppfølging heile døgnet. Jordmortenesta samarbeider tett med helsestasjon, legetenesta og avdeling for psykisk helse/rus.

Tenesta har i samarbeid med helsestasjonen og Rikshospitalet laga eit kunnskapsdokument som blir kalla «Ammekyndig helsestasjon». Dette skal sikre riktig og lik informasjon om amming til gravide og nybakte foreldre.

“Tidleg inn” er eit opplæringsprogram som tenesta saman med helsestasjonen har delteke på i 2020. Programmet skal bidra til at gravide og småbarnsfamiliar får kompetent hjelp tidleg på områda rus, psykisk helse og vald.

Jordmor har hatt ekstra oppgåver og delteke aktivt i arbeidet med covid-19. Her har det vore ein stor dugnad for å handtere dei utfordringar kommunen stod i gjennom året. Trass dette, har mødrene og familiane fått eit tilfredsstillande tilbod etter gjeldande retningslinjer.

Mål for 2021:

- hospitering på fødeavdeling
- jobbe vidare med kvalitetsdokument
- sette i verk tiltak etter “Tidleg inn” og “Handlingsplan vald”

Nokre nøkkeltal:

- 475 konsultasjonar og heimebesøk

3 svangerskapskurs for fyrstegongsfødande

5.7 Eidsbøen bufellesskap

Eininga yter tenester til vaksne personar med nedsett funksjonsevne. Dette skjer i samlokaliserte omsorgsbustader, i private heimar og i frittliggande omsorgsbustader. Det er 28 årsverk i eininga. Kommunen tilbyr tenester til 19 personar med varierende omsorgsbehov. Nokre av tenestemottakarane har heildøgnsstilbod, andre har punktvis bistand. Tenestene er basert på vedtak gjort av HSK i tråd med gjeldande lover og reglar.

Tenestene inneber praktisk bistand, opplæring og heimesjukepleie. Eininga samarbeider med brukarane og deira nettverk.

Covid 19 prega drifta i 2020:

- soneinndeling for å danne mindre arbeidsgrupper
- reduksjon i aktivitetar
- meir isolert arbeidsmiljø, færre treffpunkt
- digitale møter
- planlagt kompetanseheving satt på vent - fokus på kompetanseheving innan smittevern.
- behov for meir detaljert styring

DigiHelse blei innført i 2020. Dette er ein digital innbyggarteneste som kan nyttast av alle kommunar i landet. Hovudmålet er å styrke samarbeidet tenestemottakar-pårørande-tilsette. Eidsbøen bufellesskap er vald som pilot til dette i Austevoll kommune. Det har vore nokre tekniske utfordringar med systemet som ein jobbar med å utbetre. DigiHelse vil bli ein nyttig kommunikasjonskanal framover.

Tenesta arbeider heile tida med å sikre rekruttering og riktig kompetanse i eininga. Dette er krevjande når ein kontinuerleg møter nye lovkrav til bemanning og kompetanse.

Teamleiar i utegruppa deltek i tverrkommunalt prosjekt "Tenketank". Det omhandlar velferdsteknologi til personar med utviklingshemming. Dette prosjektet vil vere nyttig når det gjeld innføring av velferdsteknologi i Austevoll kommune.

Tenesta har eit ynskje om å endre namn på eininga til noko som skildrar tenestene betre. Innspel er sendt rådmannen.

5.8 Frivilligheit

2020 var eit spesielt år for frivilligheita. Det meste av arrangement me skulle gjennomføra, blei sett på vent grunna korona. Aktivitetar som eldretreff, bingo, strikketreff, spelegrupper, språksprell, ungdomstreff, aktivitet i feriar og «kafé» for alle – alt blei punktert og falt bort i 2020.

Lokala våre i Austevollbadet har likevel vore i bruk av kommunen, ungdomsråd og fleire frivillige organisasjonar, men i langt mindre grad enn året før. Dette pga smittevernomsyn og at mykje aktivitet av den grunn blei flytta til digitale plattformer.

Utfordringa med korona gjorde at det oppstod alternative og nye idear. Blant anna 17. mai feiringa, som i 2020 blei gjennomført med ei bilkortasje gjennom kommunen. Frivillige køyrte veteranbilar saman med utrykningskøyrety for å laga fest langs vegen. Russen var kopla på, og ansvarlege frå 17.mai komiteane i dei ulike bygdene fekk gjennomført flaggheising, musikk og leven på ulike stoppestader. Dette vart godt motteke.

Grunna korona måtte ein finna nye måtar å hjelpa kvarandre på. Austevoll kommune inngjekk samarbeid med Røde Kors om handling og køyring av varar til dei som trong hjelp med slike ting. Nokre fordi dei var redde for å gå ut, andre fordi dei sat i karantene. Austevoll frivilligsentral forenkla heimesida si, og gjorde det lettare for frivillige å melda seg til ulike oppdrag som telefonven, handlehjelp og andre oppdrag. Det blei laga instruksar til korleis ein skal opptre som frivillig i dei ulike oppgåvene.

Besøksvertsordning på PO-senteret blei etablert for at bebuarane kunne få besøk under koronapandemien. Ordninga er etablert i eit samarbeid med PO-senteret, frivilligkoordinator og frivillige organisasjonar (Røde Kors, Lions og demensforeininga).

Frivilligsentralen hadde i 2020 eige budsjett å drifta for. Det var ei ramme på kr 200 000 - desse skulle gå til aktivitet og innkjøp av naudsynt utstyr for å driva aktivitet. Midlane blei ikkje brukt i fjor. Det blei bestemt at dei midlane skulle brukast til å få etablert ein ungdomsklubb i gamle kommunehuset. I tillegg fekk me ytterlegare 424 000 kr frå Gjensidigestiftelsen til å ruste opp og starta ungdomsklubb.

I samarbeid med folkehelsekoordinator har me starta opp arbeid med etablering av BUA (Barn, ungdom, aktivitet). Dette er ei utlånsordning som skal gi alle moglegheit til å låna sportsutstyr gratis, og er eit ledd i arbeidet for å utlikna sosiale skilnadar i samfunnet vårt. Det er også eit viktig tiltak i for å setta fokus på berekraftig utvikling. Kommunen fekk kr 190 000 i 2020 frå Bufdir til dette arbeidet, og det ligg ei årleg løyving på kr 70 000 frå kommunen til drift. BUA skal driftast av frivilligsentralen, og skal også fungera som tiltaksplass for blant anna ASV, NAV og opplæringskontoret. BUA skal etter planen opnast i juni 2021.

Det blei søkt om, og mottatt 74 000 kr frå Bufdir i ordninga «Tilskot for å motverka einsemd og passivitet for eldre». Desse skulle brukast til å få opp ein organisert kafé med fysisk aktivitet. Denne er avtalt igangsett i 2021.

5.9 Pleie og omsorgstenestene

Pleie- og omsorgstenestene 2020 er i hovudsak Austevoll PO-senter og heimetenesta i kommunen. Fram til 1. juni 2020 drifta Stendi Senior AS pleie- og omsorgstenestene på vegne av Austevoll kommune. Frå same dato tok Austevoll kommune over drifta. Alle tilsette i Stendi blei med over til Austevoll kommune. Dette var viktig for å ha ei kontinuerleg og forsvarleg drift av tenesta ved overføringa. Totalt var det ca 84 årsverk fordelt på 160 tilsette (inkl vikarar).

Det har sjølvstøtt vore utfordringar ved ei slik stor overføring av drift. Det blei gjort eit grundig arbeid i førekont for å sikre ei forsvarleg overføring. I dette arbeidet deltok personell både frå kommune og Stendi.

Før overføringa i juni, fekk me utfordringa med covid-19 og pandemien me no kjenner så godt. Ein kan trygt sei det blei store og utfordringar som måtte løysast. Eit hovudmål har vore at bebuarar ved sjukeheimen og brukarar av heimetenestene ikkje skulle bli smitta av covid-19. Dette har me i skrivande stund lukkast med. Stor arbeidsinnsats av personalet og gode rutinar for tilsette og leiing, har gjort dette mogeleg. Vi stengte ned sjukeheimen for besøkande frå 10. mars 2020, to dagar før landet forøvrig gjorde det same. Elles har vi fulgt FHI og regjeringa sine tilrådingar om smittevern. Den kommunale kriseleiinga og smittevernlegen har heile tida vore konsultert.

Dei tilsette ved Stendi opplever at ein blei godt motteken i kommunen - gode ressursar hos dei tilsette blei overført den kommunale drifta. Tilsette er totalt sett nøgde, og er glade for å vere tilsett i Austevoll kommune igjen.

